

Ingebjørg Eik Band på Rosendal turisthotel

07.12.2017



Ingebjørg Eik Band då dei spela på Oska i sommar.

Etter ein flott oppleving på Oska, både for band og publikum, i sommar, blir det ny konsert med Ingebjørg Eik Band. Denne gongen på Rosendal Turisthotell. Dette blir ein kveld med slik jazz som alle likar! Blant musikarane i bandet er Uskedalen sin dyktige trommis Sindre Aksnes som er komen heim på juleferie.

Dette blir ein kveld med slik jazz som alle likar! Stikkord er lyrisk, vakkert, rytmisk og melodiøst. Bandet serverer alt frå jazz-standards til pop-låtar pakka inn i lekre jazz-arrangement.

Ingebjørg Eik er frå Rosendal, har musikkutdanna seg i Oslo og har jobba som frilansmusiker i mange år. Blant anna spelt med Big Bang, Eva & the Heartmaker, m.m.

Med seg i bandet har Ingebjørg eit knippe særdeles oppegåande og dyktige musikarar. Alex Grieg på kontrabass spelar med dei fleste musikarar i Bergen, både innan jazz og andre genre. Han har vore med på ei rekke plateinnspelinger og turnear i både inn- og utland. Bjarne Øymyr på piano har lang fartstid i det bergenske jazzmiljøet, og spelar mellom anna i BATS og Kari Malmanger Band m.m. Sist men ikkje minst har dei med seg Uskedalen sitt eige store talent Sindre Aksnes på trommer.

Det vart ein kjempekveld då dei spela på Oska i sommar. Det kan de lesa om [HER](#). Velsververt snop for øyra brukte uskedalen.no sin Svein Rimestad som overskrift den gongen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Svein Rimestad